

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	02.07.2007	046/07	Tore Svendsen

Arkiv: N-563.2	Arkivsaknr.: 07/598
----------------	---------------------

SAK - OVERFØRING AV KOMMUNAL VEG NORDLAND - ÅSHEIM - 3,2 KM

FS-046/07 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune har som intensjon å tilbakeføra den kommunale vegen Nordland-Åsheim til grunneigarane som privat bomveg. Endringa må kunngjerast før endeleg iverksetting av vedtaket.
2. Styret for vegen får eit tilskot på kr. 50 000 til vedlikehaldet i samband med overtakinga av den kommunale vegen Nordland-Åsheim.

Det skjedde i Formannskapet den 02.07.2007:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune har som intensjon å tilbakeføra den kommunale vegen Nordland-Åsheim til grunneigarane som privat bomveg. Endringa må kunngjerast før endeleg iverksetting av vedtaket.
2. Styret for vegen får eit tilskot på kr. 50 000 til vedlikehaldet i samband med overtakinga av den kommunale vegen Nordland-Åsheim.

Finansiering

Heimel

Utskrift til:

SAKSTILFANG:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	10.06.2007	Søredalsvegen/Åsheimvegen	Søknad om pengar til opprustning av Søredalsvegen - Åsheimvegen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Oppsitjarane med vegrett på den kommunale vegen Nordland – Åsheim og den private vegen Soredalsvegen (Storevatn- Vegenden) søker kommunen om

1. Løyving til opprusting av vegane
2. Omgjering av desse vegstrekingane til privat veg med bompengar
3. Hjelp til å finna finansieringsordningar for parkeringsplass på Vegenden , slik at det er plass både til bønder som skal sjå til beitedyr og turistar som skal til fjells.

Punkt 3 er handsama i eige brev. Denne saka gjeld omgjering av kommunal veg til privat bomveg og kommunalt tilskot til naudsynt opprusting av desse vegane.

Rådmannen ser på skrivet frå grunneigarane med vegrett som ein søknad om å ta over den kommunale vegen Nordland- Åsheim for å forvalta vegane Nordland – Åsheim og Soredalsvegen under eitt som bomveg.

HØYRING/UTTALE

Det er skipa eit vegstyre av grunneigarar med vegrett. Desse står som søkjarar. Alle med vegrett har vore innkalla til møte.

FAKTA

Vegen Nordland – Åsheim er kommunal veg, 3,2 km. Vegen har ikkje vore vedlikehalden av kommunen på svært lenge avdi det ikkje er fastbuande på bruket . I praksis har vegen vore ettersett og vedlikehalden av grunneigarane som nyttar vegen. Soredalsvegen er privat og har også vore vedlikehalden av grunneigarane. Denne vegen har vore mykje nytta av fjellturistar og hyttefolk i alle år. Etter at det kom turlagshytte i Kalvedalen har trafikken av fjellturistar auka yttarlegare. Det har tidlegare vore samla inn pengar til dette føremålet. Grunneigarane har sendt ein grundig og veldokumentert søknad til kommunen om stønad til naudsynt vedlikehald og opprusting. Søknaden er klipt inn i saka:

SØREDALSVEGEN / ASHEIMVEGEN

ANDVIK

5981 MASFJORDNES

10. juni 2007

Masfjorden kommune

5981 MASFJORDNES

MASFJORDEN KOMMUNE	
Løpe nr.:	Saksjon: TSV
12 JUNI 2007	
ArSaker:	Dok.nr.
Ark.kode S	Grødering
Kursårsaksår	

Søknad om pengar til opprustning av
Søredalsvegen / Asheimvegen - veglengde 4-4.5 km

Vegstrekningane går frå garden Nørland og inn til Storevatnet, der dei deler seg.

Ein strekning sørover Nørlandsdalen (Måisdalen) og ein strekning nordover Totlandsdalen, fram til standplassen for Fjon slyttarlag, ved garden Asheim.

Vegstrekningane er gamle, med mindre utbetringar og vedlikehald dei siste 50 åra. Dette vart gjort av grunneigarar og dei med vegrett, men resultatet vart ikkje alltid som forventet.

På vegstrekninga i Nørlandsdalen har gardane Andvik - Nørland - Totlandsdal - Ådnekvam - Relnes og Duesund vegrett.

På vegstrekninga til Asheim har gardane Totland og Nørland vegrett.

Hausten 2005 i september og november vart der store vass-skader på strekninga Nørland - Storevatnet og i Nørlandsdalen.

Gjennom Lensmannen vart NVE kontakta for synfaring (1), samt naturskadetakst (2), og vidare kontakt med Statens landbruksforvaltning. Erstatninga frå staten vart kr 121.125 (3).

Me kjem til å starta opp innkreving av bompengar i veke 24. Frå same tid vert vegstrekningane på Nørland og Tøtland (Åstheimvegen/Bru) sløge saman, då inntekter ved bompengar og utgifter ved vedlikehald vert enklare å gjennomføra. Vegstrekningane vert svært mykje nytta, både på kveldstid og i helgene, sjølv midtvinters dersom vegen er bar eller har lite snø.

Av arbeid som må gjerast syner me til vedlegg (6) punkt A og arbeid som bør gjerast vedlegg (6) punkt B til saman kr 125.000

Litt oversikt over pengebeholdningen:

Pr. 1. januar 2007	Søredalsvegen	kr 132.345
Pr. 9. april 2007 (4)	— " —	<u>kr 55.195</u>

Pr. 10. juni	— " —	kr 51.001
kr 55.195 (÷ bomp.konv. og skilt)		

Pr. 10. juni	Åstheimvegen/Bru (5)	kr 6.631
Beholdning		<u>kr 57.632</u>

Det som må og det som bør gjerast har
ein ansleggen kostnad på kr 125.000
Pengebeholdning pr. 10. juni ÷ kr 57.632
Sum for å fullføra arbeidet kr 67.368

): kr 70.000

Me veit ikkje kva summar me vil få
inn som bompengar, og desse inntektene
vil verta fordelt ut over sommaren og
hausten.

Me har for lenge sidan registrert, at
ein svært stor del av bruken av vegen
er hyttefolk og tilreisande frå andre
nordhordlandskommunar.

Me ser på denne vegstrekninga som ein del
av ferie og fritidstilbodet i Masfjorden.

Ser fram til eit hyggeleg svar frå kommunen
med lovnad om ein sum som kan hjelpe
oss langt på veg

Med helsing

Leif Nordland

Styret for vegen:
Arnold Audvik - formann
Leif Nordland - kasserar
Helge Birkeland - styremedl.
Kolbjørn Røknes - varmann

VURDERING

Masfjorden kommune har om lag 70 km kommunal veg, og det har ved fleire høve vore drøfta om det er vegar ein kan attendeføra til grunneigarar. Denne vegen er ein av dei som er aktuelle. Vegen tener ikkje lenger som veg til fastbuande. Dei som nyttar vegen mest er grunneigarar og bøndene i området. Desse har ved fleire høve utført og kosta vedlikehaldsarbeid og naudsynt opprusting. Dermed er vegane det her er tale om framleis i slik stand at dei er til nytte for jord- og skogbruk, tilkomst til Fjon skyttarlag si skytebane og ein innfallspørt for ålmenta til fjellturar med tilkomst til gamle stiar og merka turlagsløype til Kalvedalen/ Stusdalen. Ådneburen er eit landemerke som svært mange fjellvandrarar besøkjær.

Rådmannen meiner at denne søknaden er i tråd med dei intensjonar som kommunen er i ferd med å etablera for dei kommunale vegane. Ei omgjering av vegen til bomveg og ei samla forvaltning av vegen Nordland-Åsheim og Soredalsvegen vil sikra at vegen blir kontinuerleg overvaka og vedlikehalden og at ålmenta framleis kan ha køyrbar tilkomst inn til Åsheim og Vegenden.

Omgjering av kommunal veg til privat bomveg må følgja visse prosedyrar. Rådmannen vurderer det likevel som best å handsama søknaden no før ferien og gjera eit intensjonsvedtak slik at søkjarane får svar. All den tid alle med vegrett har vore innkalla til møte og dei fleste møtte fram og har valt det vegstyret som no fremjar søknaden, må kommunen tru at dei som har vegrett står samla bak denne søknaden.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner den kommunale vegen bør overførast til grunneigarane. Det er i praksis slik det har fungert i mange tiår, jfr utgreiinga i søknaden. Rådmannen tilrår også at kommunen gjev ei økonomisk støtte til vedlikehaldet. Kommunen har ingen tidlegare praksis på storleiken av eit slikt overføringstilskot. Etter ei samla vurdering av lengde på vegen, og at det er ein grusveg med manglande vedlikehald frå kommunen si side gjennom fleire tiår, vil rådmannen rå til eit tilskot på kr. 50.000.

Framlegg til vedtak:

3. Masfjorden kommune har som intensjon å tilbakeføra den kommunale vegen Nordland-Åsheim til grunneigarane som privat bomveg. Endringa må kunngjerast før endeleg iverksetting av vedtaket.
4. Styret for vegen får eit tilskot på kr. 50 000 til vedlikehaldet i samband med overtakinga av den kommunale vegen Nordland-Åsheim.